

MERKNADER TIL ”NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET”.

Den innleiande vesle strofa av Tarjei Vesaas gjeld folk frå heile landet; også dei med i-mål, og f.eks. jamvekt og typiske talemålstrekk frå Austlandet og nordover. For mange er samanhengen mellom eige talemål og nynorsk skriftmål hovudgrunnen når dei vel å skrive nynorsk.

Sjølv om ein del ordlisteformer er lite brukta, og kan tykkjast overmodne for å bli fjerna, så er det ein grunn til at dei står der. Det skal litt av eit oversyn over norsk talemål til for å kunne ta dei ut. Det bør framleis vera slik at nynorsk skriftspråk først og fremst byggjer på talemålsgrunn. Eit argument mot å legge stor vekt på bok-nynorsken er at han gjerne er prega av retningsliner utforma i redaksjonar og forlag, og har vore gjennom konsulentar med sitt syn på ord- og formvalg. Slik har t.d. kløyvd infinitiv vorte stroke i artikkelmanus til årbøker.

Viss målet er å sikre nynorsken for heile landet, så må folk kunne velje mellom sidestilte former, også tilnærningsformer og i-målsformer. Innsurping av valgfridommen hjelper kanskje nokre sidemålsskrivarar, men gjer han nynorsk lettare å lære og å skrive når resultatet er inkonsekvensar og mindre talemålssamanhang?

Særpunkta i framlegget frå nemnda:

- Jamstill kløyvd infinitiv med a- og e-infinitiv.
- Jamstill i-målet
- Jamstill *-leg/-lig*
- Valgfri *j* i verb som *søkje* og hokjønnsord som *enkje*; dessutan i inkjekjønnsord som *stykkje*
- Jamstill former med og utan diftong i ord som *drømme/drøyme, kjøre/køyre, høre/høyre*
- Jamstill former med enkel og dobbel konsonant
- Valgfri samsvarsbøyning i perfektum partisipp av svake og sterke verb
- Berre forma *de* som subjekt. (Forma *dykk* dreg med seg andre: *oss* og *dem*, som også har stort talemålsgrunnlag, og det blir vel for drygt?)
- Jamstill *skole/skule, mye/mykle, noe(n)/noko, bare/berre*
-

Dessutan:

- Jamstill perf.part av sterke verb *vore/vori, skrivi/skrive*
- Jamstill langformene
- Jamstill adj.- og adv.suff. *-et/-ut*
- Jamstill *hennar/hennes*
- Jamstill fuga *-a/-an* i alle retningsadv.

Det er eit bra utgangspunkt at rettskrivinga skal vera vid, og at klammene skal bort!

Ingeborg Donali